**Eier du litt, bestemmer du litt**

# Årsmelding og rekneskap

## 2020



Coop Ottadalen SA

# Spar penger som medeier i Coop

Hugs å skanne appen eller medlemskortet ditt kvar gong du handlar!



Skann appen eller medlemskortet i kassa, så får du minimum 1 % kjøpeutbytte på alt du handlar.



1,5 % bonus hos Coop + 0,5 % alle andre stader* med Coop Mastercard. **Søk på coop.no/mastercard**



Personlege kupongar som gir ca. 20 % avslag.

Få med deg medlemskuppa på e-post, coop.no eller i Coop-appen.

Bruk Coop-appen og få 11 % medlemsbonus på frukt og grønt hos Extra.

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på bleier, barnemat og babywipes hos Extra.

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på alt frå Änglamark hos Coop Mega.

Bruk Coop-appen og få 20 % medlemsbonus på alt frå Vegetardag-serien hos Coop Mega.



Skann gjenbrukskoden på handlenettet og få 1 kr i medlemsbonus i staden for å betale for plastpose. Bra for miljøet!

Registrer betalingskortet ditt i Coopay i Coop-appen – så treng du berre å ta med mobilen når du skal handle hos Coop.

45 øre** medlemsbonus pr. liter når du tanker hos Circle K. Gjeld også betente Best-stasjonar.

Rimeleg hotellovernatting kun for medeier i Coop. Frukost er alltid inkludert. **Bestill på coophotellkupp.com**

55 øre medlemsbonus pr. liter når du fyller drivstoff hos YX.

2 % bonus på straumforbruk og 200 kr i velkomstbonus. **Bestill på telefon 38 60 85 00 eller på coop.no/los**

Få 8 % medlemsbonus på lading av elbil hos Mer. **Aktiver din ladebonus på coop.no/mer**

Få 15 % rabatt i skadeforsikringar, 200 kr i velkomstbonus i tillegg til ein rekke andre fordelar. **Les meir og bestill på coop.no/forsikring**

50,-/100,- rabatt på framsyningar. **Les meir på coop.no/riksteatret**

15 % medlemsbonus på hundrevis av seriar og filmar for heile familien. **Prøv 2 månadar gratis! Bestill på coop.no/sf-kids**

30-50 % rabatt på billettar. **Les meir på coop.no/eliteserien**

600 kr i rabatt kvar gong du bestiller ferie frå Ving – Noregs største reisearrangør. **Alltid best pris på coop.no/ving**

*Gjeld ikkje i konkurrerande daglegvare- eller byggevareforretningar, og gjeld opptil 2.500 kr i bonus pr. år. Eff.rente 26,17 %, 15.000 kr 0/12 mnd. Kostnad 1.501 kr. Totalt 16.501 kr.

**Gjeld ikkje avgiftsfri diesel

**Les meir om alle fordelane på coop.no/medlem**

## TILLITSVALTE 2020

| STYRET: | PÅ VAL |
| --- | --- |
| **Medlemsvalte:** | |
| Egil Barhaugen, Vågå (leiar) | 2022 |
| Eva Birgitta Stee, Bøverdalen (nestleiar) | 2022 |
| Magne Nyhus, Nordberg | 2022 |
| Unni Merete Lund, Lom | 2022 |
| Anne Marstein, Skjåk | 2022 |
| Ingeborg Berge Båtnes, Vågå (vara) | 2022 |
| Svein Rune Laingen, Lom (vara) | 2022 |
| | |
| **Valt av dei tilsette:** | |
| Ingrid Myrhaug, Lom | 2022 |
| Tor Erik Stamstad, Lom | 2022 |
| Dan Helge Jacobsen, Nordberg (vara) | 2022 |
| Preben Kile Holberg, Skjåk (vara) | 2022 |
| Gro Myren, Skjåk (vara) | 2022 |
| Unni Hagen, Vågå (vara) | 2022 |
| Anne Ingebjørg Berg, Vågå (vara) | 2022 |
| | |
| REGIONRÅD: | |
| **Region 1 Vågå, medlemsvalte:** | |
| Live Langøygard, Vågå | 2022 |
| Terje Kleiven, Lalm | 2022 |
| Dag Lindvig, Vågå | 2022 |
| Svein Kleiven, Lalm | 2022 |
| Pål Ragnar Austrem, Vågå (vara) | 2022 |
| Lene Marit Flatum, Vågå (vara) | 2022 |
| | |
| **Region 1 Vågå, ansattvalte:** | |
| Eldri Kolden, Vågå | 2022 |
| Mona Flatum Moen, Vågå | 2022 |
| | |
| **Region 2 Lom, medlemsvalte:** | |
| Egil Olav Nyrnes, Lom | 2022 |
| Anniken Kirkeby Stee, Lom | 2022 |
| Kjell Brandsar, Lom | 2022 |
| Magnhild Beate Galde, Bøverdalen | 2022 |
| Eilev Mundhjeld, Bøverdalen (vara) | 2022 |
| Per Runningen, Garmo (vara) | 2022 |
| | |
| **Region 2 Lom, ansattvalte:** | |
| Elin Sanden Kolden, Lom | 2022 |
| Per Kvernstuen, Garmo | 2022 |

Region 3 Skjåk, medlemsvalte:

| | |
|---|---|
| Rannveig Brennhaug, Nordberg | 2022 |
| Terje Kveen, Skjåk | 2022 |
| Sverre Gjeilo, Skjåk | 2022 |
| Torgrim Rusten, Nordberg | 2022 |
| Roy Olav Lund, Nordberg (vara) | 2022 |
| Mariann Tundrali Rustad, Nordberg (vara) | 2022 |

Region 3 Skjåk, ansattvalte:

| | |
|---|---|
| Arnhild Nyhus, Skjåk | 2022 |
| Siv Plassen, Nordberg | 2022 |

| ÅRSMØTET | PÅ VAL |
|---|---|
| Medlemsvalte: | |
| Live Langøygard, Vågå (ordførar) | 2022 |
| Egil Olav Nyrnes, Lom (varaordførar) | 2022 |
| Terje Kleiven, Lalm | 2022 |
| Dag Lindvig, Vågå | 2022 |
| Svein Kleiven, Lalm | 2022 |
| Rannveig Brennhaug, Nordberg | 2022 |
| Terje Kveen, Skjåk | 2022 |
| Sverre Gjeilo, Skjåk | 2022 |
| Torgrim Rusten, Nordberg | 2022 |
| Anniken Kirkeby Stee, Lom | 2022 |
| Kjell Brandsar, Lom | 2022 |
| Magnhild Beate Galde, Bøverdalen | 2022 |
| Pål Ragnar Austrem, Vågå (vara) | 2022 |
| Lene Marit Flatum, Vågå (vara) | 2022 |
| Roy Olav Lund, Nordberg (vara) | 2022 |
| Mariann Tundrali Rustad, Nordberg (vara) | 2022 |
| Eilev Mundhjeld, Bøverdalen (vara) | 2022 |
| Per Runningen, Garmo (vara) | 2022 |

Ansattvalte:

| | |
|---|---|
| Elin Sanden Kolden, Lom | 2022 |
| Per Kvernstuen, Garmo | 2022 |
| Eldri Kolden, Vågå | 2022 |
| Rannveig Kveom, Lom | 2022 |
| Arnhild Nyhus, Skjåk | 2022 |
| Mona Flatum Moen, Vågå | 2022 |
| Bente Eggen, Bøverdalen (vara) | 2022 |
| Liv Blankenborg, Vågå (vara) | 2022 |
| Magny Stasviken, Vågå (vara) | 2022 |

**VALNEMND:**

| | |
|---|---|
| **Leif Risheim, Skjåk** | **2022** |
| **Vidar Bekkemellem, Vågå** | **2022** |
| **Anne Regina Galde, Lom** | **2022** |
| **Anne Kari Skjedsvold, Vågå** | **2022** |
| **Bjørn Vike, Lom** | **2022** |
| **Svein Arne Bøje, Skjåk** | **2022** |

## ÅRSMELDING

Pr. 31.12.2020 var 66 samvirkelag medlemar av Coop Norge. Dette er ein nedgang i 2020 på 7 lag. Nedgangen skuldas 6 samanslutningar og 1 avvikling.

Ved utgangen av 2020 var det 1 887 302 medlemar i norske samvirkelag knytta til Coop Norge. Året før var det 1 790 794. Ei auke på 96 508 medlemar.

Konsumprisindeksen steig med 1,3 prosent frå 2019 til 2020. Pris på varer samla sett hadde ein svak nedgang. Prisane på norske varer hadde ein nedgang på 5,4 prosent, medan prisane på importvarer steig med 2,9 prosent.

Samvirkelaga ser ut til å få ei samla omsetning i 2020 på 54,4 milliarder kroner. Dette er ei auke på heile 16,7 prosent frå 2019. I tillegg kjem omsetning frå Norsk Butikkdrift AS.

Coop har ein marknadsandel på 29,4 prosent, som er ein nedgang på 0,1 prosent frå 2019.

Coop Ottadalen SA hadde i 2020 ei nettoomsetning på kr. 169 050 681, som er ei auke på 11,8 mill. mot året før. Powerbutikkane vart teke ut av Coop Ottadalen SA i 2019 og ført over til nytt AS, Ottadalen Butikkdrift AS, som er 100 % eigd av Coop Ottadalen SA. I Ottadalen Butikkdrift AS ligg også dotterselskapet Vinstra Elektro Butikk AS (Power Vinstra) som var kjøpt i 2020.
Årsrekneskapet omfatter konsern og selskap. Konsernet har auka omsetning med 55,2 mill. sidan 2019.

Mange avdelingar har gode resultatforbetringar og mange kan skilte med både rekordomsetning og rekordresultat i 2020.

Resultatet for Coop Ottadalen SA Konsern vart siste år kr. 8 155 774 som styret foreslår vert nytta slik:

Overført til annan eigenkapital kr. 8 155 774.

Styret legg til grunn at føresetnad for framleis drift er tilstades ved årsrekneskapet for 2020 og budsjett for 2021. Laget fortsett med stort fokus på kostnader i 2021.

## LAGSARBEID/REPRESENTASJON

I året 2020 har styret hatt 6 styremøter og handsama 56 saker.

## MEDLEMAR

| | 31.12.2020 |
|---|---|
| Vågå | 1551 |
| Lom | 1082 |
| Skjåk | 652 |
| Andre | 735 |
| Totalt | 4020 |

## MEDLEMSINNSKOT

Medlemsinnskota pr. 31.12.20 var på kr. 126 010 949, som er ei auke på kr. 7 633 140 i høve til året før. I 2020 vart medlemane godskrivne rente og kjøpebonus med kr. 4 651 646.

## KJØPEBONUS

Kjøpebonus for året 2020 vert utbetalt etter ein vedteken sats på 1 prosent. For 2021 er det vedteke ein kjøpebonus på 1 prosent. Det har vore mange gode medlemstilbod gjennom heile året 2020. Kjøpebonus vert rekna av kontant brutto kjøp av varer som det blir gjeve bonus på.

## LIKESTILLING I COOP OTTADALEN SA

Coop Ottadalen arbeider for likeverdig representasjon av båe kjønn i dei ulike organa i laget. I styret for Coop Ottadalen er andel kvinner siste år på 57 %. I Årsmøtet er andel kvinner på 50 %. I regionutval er andel kvinner 39 %. I valnemnd er kvinneandelen 33 %.

Det er i Coop Ottadalen tilsette 58 % kvinner på leiarnivå.

For konsernet er andel kvinner i styrene siste år på 50 %, og på leiarnivå er det tilsett 47 % kvinner.

## PERSONALET

Pr. 31.12.20 var det 93 tilsette i Coop Ottadalen Konsern. Dette utgjer totalt 54 årsverk i Coop Ottadalen og 19 årsverk i Ottadalen Butikkdrift AS, totalt 73 årsverk.

## VEDLIKEHALD/INVESTERINGAR

Det har og i 2020 vore gjort mykje ute på våre avdelingar. Større investeringar er aktivert. Siste år er det aktivert kr. 4 464 100 i anleggsmiddel og driftsmiddel i selskapet. Største investering var kjøp av eiendom på Lalm.

## ARBEIDSMILJØ/YTRE MILJØ

Arbeidsmiljøutvalet i Coop Ottadalen SA har siste året vore samansett slik:

Frå arbeidstakarane: Mona Flatum Moen , Camilla Aasen og Wenche Bergdølmo

Frå arbeidsgjevar: Egil Barhaugen, Eva Birgitta Stee og Rune Fossmo

Vernerunde vert gjennomført kvart år av hovudverneombud saman med den ansvarlege for avdelinga. Dei fleste feil og manglar vert utbetra snarast. Større investeringar vert teke inn i langtidsbudsjett. I 2020 har det ikkje vore ulykker eller skade på personar eller matriell av alvorleg karakter.

Sjukefråvær i 2020 målt mot totalt arbeidde timar er 9,89 %

Styret meiner at arbeidsmiljøet i Coop Ottadalen SA er godt.

Coop Norge er samvirkelagenes viktigaste samarbeidspartner når det gjeld å få ein meire bærekraftig drift av samvirkelaget. Coop Norge har lagd Års – og bærekraftrapport som kan finnast på www.coop.no/coop-og-barekraft .

Redusert klima – og miljøfotavtrykk:

Effektivisering av energiforbruk og renovasjon er to viktige områder for å redusere klimautslepp i Coop Ottadalen. Vi har installert nytt ventilasjonsanlegg i varehuset i Lom, og brukar mindre energi enn tidligare. Vi har gode rutinar på kjeldesortering av avfall. Coop har signert bransjeavtale for redusert matsvinn. Målet i avtala er å redusere matsvinn som blir kastet til 30 % innan 2025. Tiltak er blant anna nedprising av varer i staden for å kaste dei. Eit anna tiltak er redusert forbruk av plastposer ved lansering av nye handlenett med gjenbruksbonus. Coop Ottadalen har auka satsning på økologiske varer, og det har aldri før vore så stort eit utval av økologiske varer i våre butikkar. Vi deltok i aksjonen «Coop rydder Norge» i 2020.

## FRÅ STYRET

Coop Ottadalen SA sin konsernrekneskap for 2020 syner eit overskot på kr. 8 155 774.

Av dette fekk dotterselskapet Ottadalen Butikkdrift AS eit overskot på kr. 3 616 906.

2020 endra seg dramatisk frå mars månad i og med at ein fekk ei nedstengjing i samfunnet grunna koronopandemien. Coop Ottadalen var særs spente på korleis året ville utvikle seg vidare, men pandemien og det faktum at det vart store reiserestriksjonar ut av Noreg, medførte at dei fleste hadde ferieavvikling innanlands med det resultatet at ein fekk ei stor omsetningauke både innan daglegvare og faghandel. Ei omsetningauke som har halde seg på eit særs høgt nivå i heile 2020.

Det er difor med stor tilfredsheit at styret kan leggje fram eit samla årsresultat som er det beste så langt i Coop Ottadalen si historie.

Av andre hendingar i driftsåret kan nemnast oppkjøpet av Power-butikken på Vinstra som no er ein del av Ottadalen Butikkdrift AS, eit strategisk oppkjøp som har tilført konsernet ein stor meirverdi både omsetningsmessig og markedsmessig.

Coop Ottadalen har og kjøpt attende butikklokala på Lalm inklusiv tilleggsareal og uteareal. Butikken på Lalm vil difor bli omprofilert til Coop Prix noko som sikrar større vareutvalg, betre prisar og større butikkareal. Coop Ottadalen samarbeider med lokale lag og foreningar med tanke på å etablere eit meir attraktivt uteareal.

Arbeidet med ei vidareutvikling av daglegvaretilbodet i Vågåmo fortset og styret reknar med ei konkretisering av dette arbeidet i 2021.

Styret skal saman med administrasjonen fortsatt sikre gode og trygge arbeidsplassar, noko som krev at ein er bevist på god organisering og drift av Coop Ottadalen SA.

Styret takkar alle tilsette i Coop Ottadalen SA for god innsats og godt samarbeid gjennom 2020. Vidare vil styret takke våre 4 020 medlemar for god oppslutning om våre butikkar. Coop Ottadalen har fortsatt god medlemsvekst og kan syne til ei auke frå 2019 på 81 medlemmar.

Lom, 31. desember 2020

23.februar 2021

I styret for Coop Ottadalen SA

Egil Barhaugen
styreleiar

Eva Birgitta Stee
nestleiar

Anne Marstein

Unni Merete Lund

Magne Nyhus

Tor Erik Stamstad
vald av tilsette

Ingrid Myrhaug
vald av tilsette

| Coop Ottadalen SA | | | | | | Konsern | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **2020** | **%** | **2019** | **%** | **Resultatrekneskap** | **Note** | **2020** | **%** | **2019** | **%** |
| | | | | **Driftsinntekter** | | | | | |
| 169 050 681 | 100,00 | 157 231 432 | 100,00 | Salgsinntekt | 2 | 243 101 359 | 100,00 | 187 862 197 | 100,00 |
| 1 376 281 | 0,81 | 1 226 973 | 0,78 | rabatt/ kjøpeutbytte | | 1 376 281 | 0,57 | 1 226 973 | 0,65 |
| 127 502 138 | 75,42 | 121 301 804 | 77,15 | Varekostnad | | 183 035 668 | 75,29 | 144 793 656 | 77,07 |
| **40 172 262** | **23,76** | **34 702 655** | **22,07** | **Bruttofortjeneste** | | **58 689 410** | **24,14** | **41 841 568** | **22,27** |
| 2 630 111 | 1,56 | 2 664 090 | 1,69 | Annan driftsinntekt | | 2 725 330 | 1,12 | 2 740 191 | 1,46 |
| **42 802 373** | **25,32** | **37 366 745** | **23,77** | **Netto driftsinntekter** | | **61 414 740** | **25,26** | **44 581 759** | **23,73** |
| | | | | **Driftskostnader** | | | | | |
| 21 947 348 | 12,98 | 22 241 802 | 14,15 | Lønskostnad | 3 | 31 116 109 | 12,80 | 26 893 403 | 14,32 |
| 4 433 100 | 2,62 | 4 418 900 | 2,81 | Avskriving på varige driftsmiddel | 4 | 6 078 948 | 2,50 | 4 728 597 | 2,52 |
| 10 487 819 | 6,20 | 11 747 933 | 7,47 | Annan driftskostnad | 3 | 14 531 276 | 5,98 | 13 461 140 | 7,17 |
| **36 868 267** | **21,81** | **38 408 635** | **24,43** | **Sum driftskostnader** | | **51 726 333** | **21,28** | **45 083 140** | **24,00** |
| **5 934 106** | **3,51** | **-1 041 890** | **-0,66** | **Driftsresultat** | | **9 688 407** | **3,99** | **-501 381** | **-0,27** |
| | | | | **Finansielle postar** | | | | | |
| 174 805 | 0,10 | 382 849 | 0,24 | Finansinntekt fra dotterselskap | | - | 0,00 | | 0,00 |
| 1 698 989 | 1,01 | 1 550 917 | 0,99 | Renteinntekt annan | | 1 703 048 | 0,70 | - | 0,00 |
| 4 642 141 | 2,75 | 8 642 | 0,01 | Finansinntekt annan | | - | 0,00 | 1 562 967 | 0,83 |
| | | | | Finanskostnad til morselskap | | - | | | |
| 3 084 955 | 1,82 | 3 300 449 | 2,10 | Finanskostnad annan | | 3 146 806 | 1,29 | 3 301 634 | 1,76 |
| **3 430 980** | **2,03** | **-1 358 041** | **-0,86** | **Netto finansielle postar** | | **-1 443 758** | **-0,59** | **-1 738 667** | **-0,93** |
| **9 365 086** | **5,54** | **-2 399 931** | **-1,53** | **Resultat før skattkostnad** | | **8 244 649** | **3,39** | **-2 240 048** | **-1,19** |
| 89 606 | | 73 481 | | Årets skattekostnad på ordinært resultat og formue | | 88 875 | | 110 015 | |
| - | | - | | | | | | - | |
| 89 606 | 0,05 | 73 481 | 0,05 | Sum skattekostnad | 7 | 88 875 | 0,04 | 110 015 | 0,06 |
| **9 275 480** | **5,49** | **-2 473 412** | **-1,57** | **Årsresultat** | | **8 155 774** | **3,35** | **-2 350 063** | **-1,25** |
| | | | | **Overføringer** | | | | | |
| 9 275 480 | 5,49 | -2 473 412 | -1,57 | Overført til/ (-fra) annan eigenkapital | | 8 155 774 | 3,35 | -2 350 063 | -1,25 |
| **9 275 480** | **5,49** | **-2 473 412** | **-1,57** | **Sum overføringer** | | **8 155 774** | **3,35** | **-2 350 063** | **-1,25** |

Coop Ottadalen SA | Konsern

## Balanse 31. desember

| 2020 | % | 2019 | % | Eigendelar | Note | 2020 | % | 2019 | % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | **Anleggsmiddel** | | | | | |
| | | | | **Immaterielle eigendelar** | | | | | |
| - | 0,00 | - | 0,00 | Utsatt skattefordel | | 158 386 | 0,09 | 87 845 | 0,06 |
| - | 0,00 | - | 0,00 | Goodwill | | 4 462 970 | 2,53 | - | 0,00 |
| **-** | **0,00** | **-** | **0,00** | **Sum imaterielle eigendelar** | | **4 621 356** | **2,62** | **87 845** | **0,06** |
| | | | | **Varige driftsmiddel** | | | | | |
| 370 000 | 0,22 | 170 000 | 0,11 | Tomter | 4 | 370 000 | 0,21 | 170 000 | 0,11 |
| 43 698 500 | 25,60 | 42 552 500 | 27,78 | Forretningsbygg og annan fast eiendom | 4 | 43 698 500 | 24,82 | 42 552 500 | 27,21 |
| 5 968 100 | 3,50 | 7 283 100 | 4,75 | Driftslausøyre, inventar og liknande | 4 | 7 179 480 | 4,08 | 8 594 371 | 5,50 |
| **50 036 600** | **29,31** | **50 005 600** | **32,64** | **Sum varige driftsmiddel** | | **51 247 980** | **29,11** | **51 316 871** | **32,82** |
| | | | | **Finansielle anleggsmiddel** | | | | | |
| 100 000 | 0,06 | 100 000 | 0,07 | Investert i dotterselskap | 9 | - | 0,00 | - | 0,00 |
| 11 109 257 | 6,51 | 9 224 257 | 6,02 | Lån til foretak i same konsern | 6 | - | 0,00 | - | 0,00 |
| 3 451 622 | 2,02 | 3 451 622 | 2,25 | Andelsinnskudd Coop | | 3 451 622 | 1,96 | 3 451 622 | 2,21 |
| 18 760 | 0,01 | 18 760 | 0,01 | Investeringar i andre finansielle anleggsmiddel | 9 | 18 760 | 0,01 | 18 760 | 0,01 |
| **14 679 639** | **8,60** | **12 794 639** | **8,35** | **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **3 470 382** | **1,97** | **3 470 382** | **2,22** |
| **64 716 239** | **37,91** | **62 800 239** | **41,00** | **Sum anleggsmiddel** | | **59 339 718** | **33,70** | **54 875 098** | **35,09** |
| | | | | **Omløpsmiddel** | | | | | |
| 15 483 195 | 9,07 | 15 394 932 | 10,05 | Varer | 5 | 26 274 473 | 14,92 | 21 343 052 | 13,65 |
| 781 323 | 0,46 | 1 383 941 | 0,90 | Kundefordringar | 6 | 2 849 951 | 1,62 | 2 562 771 | 1,64 |
| 5 672 454 | 3,32 | 1 030 965 | 0,67 | Andre fordringar | 6 | 1 796 394 | 1,02 | 981 905 | 0,63 |
| 69 484 114 | 40,71 | 59 380 209 | 38,76 | Innskot Coop Norge | | 69 484 114 | 39,46 | 59 380 209 | 37,98 |
| 14 556 509 | 8,53 | 13 194 433 | 8,61 | Bankinnskot, kontanter og liknande | 11 | 16 327 124 | 9,27 | 17 222 754 | 11,01 |
| **105 977 595** | **62,09** | **90 384 480** | **59,00** | **Sum omløpsmiddel** | | **116 732 056** | **66,30** | **101 490 691** | **64,91** |
| **170 693 834** | **100,00** | **153 184 719** | **100,00** | **Sum eigendelar** | | **176 071 774** | **100,00** | **156 365 789** | **100,00** |

| 2020 | % | 2019 | % | Eigenkapital og gjeld | Noter | 2020 | % | 2019 | % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | **Eigenkapital** | | | | | |
| | | | | **Innskoten eigenkapital** | | | | | |
| 1 221 751 | 0,72 | 1 201 200 | 0,78 | Medlemane sine ansvarsinnskot | | 1 221 751 | 0,69 | 1 201 200 | 0,77 |
| | | | | Aksjekapital | | - | | | |
| **1 221 751** | **0,72** | **1 201 200** | **0,78** | **Sum innskoten eigenkapital** | | **1 221 751** | **0,69** | **1 201 200** | **0,77** |
| | | | | **Opptent eigenkapital** | | | | | |
| 34 738 654 | 20,35 | 25 463 175 | 16,62 | Annan eigenkapital | | 33 736 735 | 19,16 | 25 580 961 | 16,36 |
| **34 738 654** | **20,35** | **25 463 175** | **16,62** | **Sum opptent eigenkapital** | | **33 736 735** | **19,16** | **25 580 961** | **16,36** |
| **35 960 405** | **21,07** | **26 664 375** | **17,41** | **Sum eigenkapital** | 10 | **34 958 486** | **19,85** | **26 782 161** | **17,13** |
| | | | | **Gjeld** | | | | | |
| | | | | **Annan langsiktig gjeld** | | | | | |
| 126 010 949 | 73,82 | 118 377 801 | 77,28 | Medlemsinnskot | 8 | 126 010 949 | 71,57 | 118 377 801 | 75,71 |
| | | | | annan langsiktig gjeld | | - | | | |
| - | 0,00 | - | 0,00 | Gjeld til kredittinstutusjonar | | - | 0,00 | - | 0,00 |
| **126 010 949** | **73,82** | **118 377 801** | **77,28** | **Sum annan langsiktig gjeld** | | **126 010 949** | **71,57** | **118 377 801** | **75,71** |
| | | | | **Kortsiktig gjeld** | | | | | |
| - | 0,00 | - | 0,00 | Leverandørgjeld Coop Norge | | - | 0,00 | - | 0,00 |
| 1 147 032 | 0,67 | 1 217 031 | 0,79 | Leverandørgjeld andre | | 1 841 381 | 1,05 | 1 937 131 | 1,24 |
| 88 991 | 0,05 | 73 481 | 0,05 | Betalbar skatt | 7 | 88 991 | 0,05 | 197 860 | 0,13 |
| 2 316 161 | 1,36 | 1 823 170 | 1,19 | Skyldige offentlege avgifter | | 3 485 826 | 1,98 | 2 282 548 | 1,46 |
| - | 0,00 | - | 0,00 | Konsernbidrag | | - | 0,00 | - | 0,00 |
| 2 803 102 | 1,64 | 2 489 361 | 1,63 | Skyldig kjøpeutbytte | | 2 803 102 | 1,59 | 2 489 361 | 1,59 |
| 2 367 194 | 1,39 | 2 539 500 | 1,66 | Annan kortsiktig gjeld | | 6 883 039 | 3,91 | 4 298 927 | 2,75 |
| **8 722 480** | **5,11** | **8 142 543** | **5,32** | **Sum kortsiktig gjeld** | | **15 102 339** | **8,58** | **11 205 827** | **7,17** |
| **134 733 429** | **78,93** | **126 520 344** | **82,59** | **Sum gjeld** | | **141 113 288** | **80,15** | **129 583 628** | **82,87** |
| **170 693 834** | **100,00** | **153 184 719** | **100,00** | **Sum eigenkapital og gjeld** | | **176 071 774** | **100,00** | **156 365 789** | **100,00** |
| 126 010 949 | | 118 377 801 | | Pantstilling for medlemsinnskot | 8 | 126 010 949 | | 118 377 801 | |
| 3 000 000 | | 3 000 000 | | Garantiforplikting | 8 | 3 000 000 | | 3 000 000 | |
| - | | - | | | | - | | - | |

Lom 31.desember 2020
23. februar 2021

Egil Barhaugen
styreleiar

Eva Birgitta Stee
nestleiar

Anne Marstein
sekretær

Magne Nyhus
styremedlem

Unni Merete Lund
styremedlem

Ingrid Myrhaug
vald av tilsette

Tor Erik Stamstad
vald av tilsette

Rune Fossmo
dagleg leiar

**Note 1 - Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapsloven og norske rekneskapsstandarder.

**Driftsinntekter og kostnader**
Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tjenester. Kostnader blir teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader blir teke med i same periode som tilhøyrande inntekter inntektsførast.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld**
Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal attendebetalast innen eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Anleggsmiddel vert vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifall forventast å ikkje å vera forbigåande. Anleggsmiddel med begrensa økonomisk levetid vert avskreve planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.Nokre poster er vurdert etter andre regler. Postene dette gjeld vil vera blant dei poster som omhandlast nedanfor.

**Varige driftsmiddel**
Varige driftsmiddel vert avskreve over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

**Aksjer i dotterselskap**
Aksjer i dotterselskap er verdsatt til kostpris i morselskapet og etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapet. Konsernrekneskap inneheld morselskapet Coop Ottadalen SA og det heileigde dotterselskapet Ottadalen Butikkdrift AS, samt Ottadalen Butikkdrift AS sitt heileigde dotterselskap Vinstra Elektro Butikk AS. Vinstra Elektro Butikk AS vart kjøpt 01.01.2020 og inngår ikkje i samanlikningstala. Konsernrekneskap utarbeides etter einsarta prinsipp ved at dotterselskap følgjer dei same rekneskapsprinsipp som Coop Ottadalen SA. Interne transaksjoner, fordringar og gjeld eliminerast.

**Andre aksjer og andeler**
Aksjer og andre investeringer der selskapet ikkje har betydeleg innflytelse balanseførast til anskaffelseskost. Investeringene vert nedskreve til verkeleg verdi dersom verdifall ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskuddsutdelinger inntektsførast som annan finansinntekt

**Varer**
Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg anskaffelseskost og netto salsverdi.
Varelager er nedskreve for ukurans.

**Fordringer**
Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det gjort for øvrige kundefordringar ein uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.
Ingen fordringar har forfall seinare enn eit år etter rekneskapsårets slutt.

**Pensjonar**
Pensjonsordninger som er finansiert via sikra ordninger er ikkje balanseført.
Pensjonspremien er å ansjå som pensjonskostnad og klassifiserast saman med lønskostnad.

**Skatter**
Skattekostnad i resultatrekneskapet består av periodens betalbare skatt, formuesskatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjeller som eksisterer mellom rekneskaps-messige og skattemessige verdier samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskaps-året. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjeller som reverseres eller kan reverseres i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsatt skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at dei kan nyttiggjerast.

**Kontantstrømoppstilling**
Kontantstrømoppstilling er utarbeidd etter den indirekte metode.

**Note 2 - Salgsinntekter fordelt geografisk**

| Område | Coop Ottadalen SA 2020 | Coop Ottadalen SA 2019 | Konsern 2020 | Konsern 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Vinstra | - | - | 36 473 449 | - |
| Vågå | 77 864 435 | 72 408 652 | 102 881 156 | 91 039 417 |
| Lom | 78 343 358 | 72 245 655 | 78 343 358 | 72 245 655 |
| Skjåk | 12 842 888 | 12 577 126 | 25 403 396 | 24 577 126 |
| Sum | 169 050 681 | 157 231 433 | 243 101 359 | 187 862 198 |
| Rabatt/ kjøpeutbytte | 1 376 281 | 1 226 973 | 1 376 281 | 1 226 973 |
| Sum | 167 674 400 | 156 004 460 | 241 725 078 | 186 635 225 |

**Note 3 - Lønskostnader, antall tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette m.m.**

| Lønskostnader | Coop Ottadalen SA 2020 | Coop Ottadalen SA 2019 | Konsern 2020 | Konsern 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Løn, feriepenger og styrehonorar | 19 893 071 | 20 094 356 | 28 017 633 | 24 292 789 |
| Folketrygdavgift | 1 167 012 | 1 354 844 | 1 859 292 | 1 622 529 |
| Pensjonspremie | 91 276 | 89 808 | 377 290 | 247 112 |
| Avtalefestet pensjon | 310 009 | 296 680 | 310 009 | 296 680 |
| Obligatorisk tenestepensjon | 349 408 | 341 969 | 349 408 | 341 969 |
| Andre personalkostnader | 136 572 | 64 145 | 202 478 | 92 324 |
| Sum | 21 947 348 | 22 241 802 | 31 116 110 | 26 893 403 |
| Antall årsverk | 54 | 48 | 73 | 54 |

| godtgjering til leiande personer og revisor | Coop Ottadalen SA Dagleg leiar | Coop Ottadalen SA Styre mm. | Coop Ottadalen SA Revisor | Konsern Dagleg leiar | Konsern Styre mm. | Konsern Revisor |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn og styrehonorar | 1 070 986 | 103 532 | | 1 070 986 | 103 532 | |
| Revisjonshonorar for rekneskapsåret | | | 177 200 | | | 220 800 |
| Honorar til revisor for andre tjenester | | | 52 500 | | | 117 500 |
| Sum | 1 070 986 | 103 532 | 229 700 | 1 070 986 | 103 532 | 338 300 |

Det er ikkje gjeve lån eller sikkerhetsstillelse for lån til dagleg leiar eller styremedlemar.
Det ligg ingen forplikting til godtgjersle ved opphør eller endra stilling for dagleg leiar eller styreleiar. Dagleg leiar eller styreleiar har heller inga avtale om bonus eller overskotsutdeling.

**Pensjonsordninger**

Nokre av de tilsette har tariffesta eigen pensjonsforsikring gjennom Lederne. Det er inga forpliktelse knytta til denne avtala utover betaling av årleg premie.
Dei øvrige tilsette har pensjonsrettigheter gjennom OTP og AFP ordningene.

**Note 4 - Varige driftsmiddel, Coop Ottadalen SA**

| Tekst | Tomt | Goodwill | Bygg | Driftslausøre | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01. | 170 000 | 5 950 000 | 86 599 155 | 45 666 300 | 138 385 455 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 200 000 | | 3 915 900 | 348 200 | 4 464 100 |
| Avgang (kostpris) | | | | - | - |
| Anskaffelseskost 31.12. | 370 000 | 5 950 000 | 90 515 055 | 46 014 500 | 142 849 555 |
| | | | | | |
| Akkumulert av- og nedskr. 31.12. | - | 5 950 000 | 46 816 555 | 40 046 400 | 92 812 955 |
| Balanseført verdi | 370 000 | - | 43 698 500 | 5 968 100 | 50 036 600 |
| | | | | | |
| Årets av- og nedskrivninger | - | - | 2 769 900 | 1 663 200 | 4 433 100 |
| | | | | | |
| Prosent for ordinære avskrivninger | | | 3 - 7 | 15 - 25 | |
| Avskrivningsplan | | | Lineær | Lineær | |

**Varige driftsmiddel, konsern**

| Tekst | Tomt | Goodwill | Bygg | Driftslausøre | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01. | 170 000 | 5 950 000 | 86 599 155 | 49 550 895 | 142 270 050 |
| Tilgang kjøpte driftsmiddel | 200 000 | 5 578 712 | 3 915 900 | 381 726 | 10 076 338 |
| Avgang (kostpris) | | | | - | - |
| Anskaffelseskost 31.12. | 370 000 | 11 528 712 | 90 515 055 | 49 932 621 | 152 346 388 |
| | | | | | |
| Akkumulert av- og nedskr. 31.12. | - | 7 065 742 | 46 816 555 | 42 753 141 | 96 635 438 |
| Balanseført verdi | 370 000 | 4 462 970 | 43 698 500 | 7 179 480 | 55 710 950 |
| | | | | | |
| Årets av- og nedskrivninger | - | 1 115 742 | 2 769 900 | 2 193 306 | 6 078 948 |
| | | | | | |
| Prosent for ordinære avskrivninger | | 20 | 3 - 7 | 15 - 25 | |
| Avskrivningsplan | | Lineær | Lineær | Lineær | |

**Note 5 - Varelager**

| Tekst | Coop Ottadalen SA 2020 | Coop Ottadalen SA 2019 | Konsern 2020 | Konsern 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Opptalt til inntaktskost | 17 111 181 | 17 100 600 | 28 442 771 | 23 472 165 |
| Nedskrevet for ukurans | -1 627 986 | -1 705 668 | -2 168 298 | -2 129 113 |
| Bokført verdi | 15 483 195 | 15 394 932 | 26 274 473 | 21 343 052 |

**Note 6 - Fordringer**

Fordringer er vurdert til pålydende med frådrag for tap kr. 250.000 i morselskap og kr. 312 584 i konsern. Det er gjeve lån til dotterselskap med kr 11 109 257. Lånet rentereknast iht avtale. Renteinntekter i 2020 utgjer kr 174 750. Innrekna i andre fordringer er konsernbidrag frå Ottadalen Butikkdrift AS på kr 2 386 306 og Vinstra Elektro Butikk AS på kr 2 255 835.

**Note 7 - Endring i midlertidige forskjeller, utsatt skatt (-skattefordel) og skattekostnad**

| | Coop Ottadalen SA | | | Konsern | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Midlertidige forskjeller | 2020 | 2019 | Endring | 2020 | 2019 | Endring |
| Driftsmiddel | -20 071 505 | -19 288 513 | 782 992 | -20 188 549 | -19 300 077 | 888 472 |
| Varelager | -1 627 986 | -1 705 668 | -77 682 | -2 168 298 | -2 302 219 | -133 921 |
| Fordringer | -250 000 | -250 000 | - | -312 584 | -358 496 | -45 912 |
| Gevinst og tapskonto | 176 870 | 221 088 | 44 218 | 176 870 | 221 088 | 44 218 |
| | - | - | | - | - | - |
| Sum | -21 772 621 | -21 023 093 | 749 528 | -22 492 561 | -21 739 704 | 752 857 |
| Underskot til framf. | -23 378 994 | -33 541 530 | -10 162 536 | -23 378 994 | -33 541 530 | 10 162 536 |
| | | | | | | - |
| Sum | -45 151 615 | -54 564 623 | | -45 871 555 | -55 281 234 | 10 915 393 |

Utsett skattefordel er ikkje innarbeidd i rekneskapet hjå Coop Ottadalen SA. -

| | | Coop Ottadalen SA | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|---|
| Berekning av skattepliktig inntekt: | | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 |
| Resultat før skatt | | 9 365 085 | -2 399 931 | 8 244 649 | -2 240 048 |
| Endring midlertidige forskjeller | | 749 528 | 153 874 | 752 856 | 553 170 |
| Permanente forskjeller | | 47 923 | 81 258 | 49 290 | 87 437 |
| Konsernpost avskrivning goodwill | | - | - | 1 115 742 | |
| Sum | | 10 162 536 | -2 164 799 | 10 162 537 | -1 599 441 |
| Underskot til framføring 01/01 | | -33 541 530 | -31 376 732 | -33 541 530 | -31 376 732 |
| Sum | | -23 378 994 | -33 541 531 | -23 378 993 | -32 976 173 |
| Utsett skattefordel hjå dotterselskap | | | | -158 386 | -87 845 |
| | | | | | |
| Betalbar skatt av inntekt, dotterselskap | | | | - | 125 394 |
| Betalbar skatt av formue, 0,15% | 59 327 241 | 88 991 | 73 481 | 88 991 | 72 466 |
| | | | | | - |
| Betalbar skatt i balansen | | 88 991 | 73 481 | 88 991 | 197 860 |

| Årets skattekostnad: | Coop Ottadalen SA 2020 | 2019 | Konsern 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| Betalbar skatt av årets resultat | - | - | - | - |
| Endring avsatt skatt | 615 | | 615 | 37 549 |
| Betalbar skatt av formue | 88 991 | 73 481 | 88 991 | 72 466 |
| Skattekostnad i resultatrekneskapet | 89 606 | 73 481 | 89 606 | 110 015 |

**Note 8 - Pantstillelser**

Coop Ottadalen SA har pantsett varelager og bygg til fordel for Samvirkelagenes Garantifond.
Bokført verdi av varelager 31.12. utgjer kr. 15.483 195. Pant i bygg kr. 20.000.000. Pantet står som sikkerheit for innskot som medlemane har i laget.
Medlemsinnskot som det er stilt sikkerheit for utgjer kr. 126 010 949.
Coop Ottadalen SA har på vegne av Ottadalen Butikkdrift AS gjeve garanti for varekjøp hjå Power Norge AS kr 3 000 000.

**Note 9 - Aksjer i andre selskap**

| | Coop Ottadalen SA | | | Konsern | |
|---|---|---|---|---|---|
| Selskapets navn og eigarandel | Kostpris | likningsverdi | Bokført verdi | Kostpris | Bokført verdi |
| Kunnskapsparken AS, 0,6% | 14 706 | 35 332 | 14 706 | 14 706 | 14 706 |
| Visit Jotunheimen AS, 2,7% | 4 054 | - | 4 054 | 4 054 | 4 054 |
| Ottadalen Butikkdrift AS, 100% | 100 000 | | - | - | - |
| Sum | 118 760 | 35 332 | 18 760 | 18 760 | 18 760 |

Dotterselskapet Ottadalen Butikkdrift AS eig alle aksjene i Vinstra Elektro Butikk AS. Dagleg leiar i Coop Ottadalen SA er og dagleg leiar i Ottadalen Butikkdrift AS og Vinstra Elektro Butikk AS.
Vinstra Elektro Butikk AS er fusjonert inn i Ottadalen Butikkdrift AS gjeldande frå 01.01.2021.

**Note 10 - Endring eigenkapital**

| | Coop Ottadalen SA | | | Konsern | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tekst | Innbet. EK | Annen EK | Sum | Innbet. EK | Annen EK | Sum |
| Eigenkapital 01/01 | 1 201 200 | 25 463 175 | 26 664 375 | 1 201 200 | 25 580 961 | 26 782 161 |
| Endring ansvarsinnsk. | 20 551 | | 20 551 | 20 551 | | 20 551 |
| Årets resultat | | 9 275 479 | 9 275 479 | | 8 155 774 | 8 155 774 |
| Eigenkapital 31/12 | 1 221 751 | 34 738 654 | 35 960 405 | 1 221 751 | 33 736 735 | 34 958 486 |

**Note 11 - Bankinnskudd**

| Bundet bankinnskudd for skattetrekk: | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Coop Ottadalen SA (sperret beløp) | 744 625 | 754 425 |
| Konsern | 1 075 216 | 1 022 120 |

**Note 12 - Covid-19**

Året 2020 har vore prega av strenge tiltak som har påvirka drifta. Coop Ottadalen SA har hatt ei god omsetnings-utvikling som følgje av Covid-19. Selskapet har hatt færre kunder i butikkene, men snitthandel har auka.
Coop Ottadalen SA har ikkje hatt smitteutbrudd blant tilsette. Dette skuldast i stor grad gode rutiner, både frå kunder og tilsette.

| Coop Ottadalen SA 2020 | 2019 | Kontantstrømoppstilling | Note | Konsern 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter** | | | |
| 9 365 086 | -2 399 931 | Resultat før skattekostnad | | 8 244 650 | -2 240 048 |
| - | -8 642 | Gevinst sal aksjer | | - | -8 642 |
| -74 096 | -72 466 | Betalt skatt (avsatt forrige år) | 7 | -555 357 | -72 466 |
| 4 433 100 | 4 418 900 | Av- og nedskrivninger | 4 | 6 078 948 | 4 728 597 |
| -88 263 | 6 825 379 | Endring varelager (- auke) | | -1 574 872 | 877 259 |
| 602 618 | 492 673 | Endring kundefodringer (- auke) | | 453 870 | -686 157 |
| -4 641 489 | 206 772 | Endring andre fordringer (- auke) | | -13 059 | 125 012 |
| - | -971 491 | Endring leverandørgjeld Coop (- reduksjon) | | - | -971 491 |
| -69 999 | -1 537 067 | Endring andre leverandører (- reduksjon) | | -433 423 | -686 147 |
| 492 991 | -298 751 | Endring offentlige avgifter (- reduksjon) | | 692 744 | 160 627 |
| -172 306 | -820 620 | Endring annan kortsiktig gjeld (- reduksjon) | | 1 271 362 | 938 807 |
| | | Kostnader ved stifting | | - | -5 563 |
| 9 847 642 | 5 834 756 | **Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter** | | 14 164 863 | 2 159 788 |
| | | **Kontantstrøm fra investeringer** | | | |
| -4 115 900 | -1 789 200 | Investering i bygg og tomt | 4 | -4 115 900 | -1 789 200 |
| -348 200 | -597 300 | Investering i andre driftsmiddel | 4 | -381 726 | -612 968 |
| - | 1 605 300 | Sal driftsmiddel, bokført verdi | 4 | - | - |
| -1 885 000 | -9 224 257 | Endring (-auke) fordring dotterselskap | | - | - |
| - | 8 642 | Sal aksjer | | -7 500 000 | 8 642 |
| -6 349 100 | -9 996 815 | **Netto kontantstrøm fra investeringer** | | -11 997 626 | -2 393 526 |
| | | **Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter** | | | |
| 7 633 148 | 26 408 258 | Endring medlemsinnskot (- reduksjon) | | 7 633 148 | 26 408 258 |
| | | Endring gjeld til morselskap | | - | |
| - | -10 403 709 | Endring gjeld til kredittinstitusjoner (- reduksjon) | | -405 255 | -10 403 709 |
| 313 741 | 239 687 | Endring skyldig utbytte (- reduksjon) | | -686 259 | 239 687 |
| 20 551 | 24 300 | Endring innskoten eigenkapital (- reduksjon) | 10 | 20 551 | 24 300 |
| 7 967 440 | 16 268 536 | **Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter** | | 6 562 185 | 16 268 536 |
| 11 465 982 | 12 106 477 | **Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter** | | 8 729 422 | 16 034 798 |
| | | + Kontanter og bank frå nytt dotterselskap 01.01 | | 478 854 | |
| 72 574 642 | 60 468 165 | + Kontanter og kontantekvivalenter 01.01 | | 76 602 963 | 60 568 165 |
| 84 040 624 | 72 574 642 | **Kontanter og kontantekvivalenter 31.12** | | 85 811 239 | 76 602 963 |

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Storgt. 15, NO-2670 Otta
Postboks 78, NO-2675 Otta

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00
Fax:

www.ey.no
Medlemmer av Den norske revisorforening

# UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styret i Coop Ottadalen SA

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Coop Ottadalen SA som består av selskapsregnskap og konsernregnskap. Selskapsregnskapet og konsernregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i avsnittet *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med de relevante etiske kravene i Norge knyttet til revisjon slik det kreves i lov og forskrift. Vi har også overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i selskapets årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Før datoen for revisjonsberetningen mottok vi årsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for den øvrige informasjonen. Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke den øvrige informasjonen, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen vi har mottatt og gjennomgått før datoen for revisjonsberetningen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle selskapet eller legge ned virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke

vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll;
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll;
- vurderer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige;
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det foreligger vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet. Hvis slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, må vi modifisere vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapets evne til fortsatt drift ikke lenger er til stede;
- vurderer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen, tidspunktet for vårt revisjonsarbeid og eventuelle vesentlige funn i vår revisjon, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom vårt arbeid.

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Otta, 24. februar 2021
ERNST & YOUNG AS

Linda W. Aspeslåen
statsautorisert revisor



A member firm of Ernst & Young Global Limited

# Sparing i Coop Ottadalen SA

**Mange medlemar ser fordelar ved å spare i Coop Ottadalen.**
**Rentebetingelsane er gode og innskot og uttak kan du gjera enkelt og greit.**

**Medlemanes sparepenger er sikra i Samvirkelagenes Garantifond**

**Rente på brukskonto pr 01.09.2020:**

| | |
|---|---|
| **Brukskonto** | **0,25 %** |

**Rente på høgrentekonto pr 01.09.2020:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Høgrentekonto** | **t.o.m.** | **kr 99 999** | **1,00 %** |
| **Høgrentekonto** | **kr 100 000 - 999 999** | | **1,25 %** |
| **Høgrentekonto** | **over** | **kr 1 000 000** | **1,50 %** |

**Rentesats gjeld frå fyrste krone**




GJØR ◎-FEEDEN GRØNARE @anglamark_norge

ÅNGLAMARK


HEIA IF
HEIA IF 2020
HEIA IF
LAGBILETE
Det største idrettslaget i Noreg utan ein einaste utøvar
I Noreg er det over 100 000 barn i låginntektsfamilier, og mange av disse barna har ikkje høve til å drive organisert idrett. Heia IF er ei symbolsk foreining, som representerer desse barna. I lag med Røde Kors har vi starta Coopdugnaden.
Les meir om prosjektet på coopdugnaden.no
coop
litt ditt